



Kommunal- og regionaldept.
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.
Vår ref. IHJ

Journalp.ID 12/11951
ArkivsakID 12/586
Arkiv nr. N-000

Dato 05.09.2012

HØYRING - ENDRINGAR I VALLOVA M/FORSKRIFT

Meland kommune har gått gjennom høyringsnotatet og har ut frå dette vald å gi tilbake-
melding på dei endringane som omhandlar førehandsrøysting.

Vi registrerer at det er ei relativt stor gruppe veljarar som vel å førehandsrøyste, og at talet på
førehandsrøyster er stigande. Det er difor svært viktig at prosedyren kring denne avrøystinga
er egna til å inngi tillit hos veljarane, og det ikkje vert stilt spørsmål ved det grunnleggjande
prinsippet om hemmeleg val.

Meland kommune stiller seg såles positiv til dei endringane ved førehandsrøystinga som kjem
fram i høyringsnotatet. Vi trur m.a. det er riktig at framgangsmåten for førehandsrøysting og
røysting på valting vert den same. Framlegget til ny-ordninga vil også forenkle arbeidet for
val-sekretariatet.

I Meland kommune avviklar vi førehandsrøystinga i publikumsmottaket på rådhuset, og her er
online manntal ikkje noko problem. Ved røysting på institusjon kan det truleg også fungere,
men nettbasert tilgang har vi liten garanti for ved ambulerande røystemottak. Det vil såleis
vere viktig at vi har ein manuell back-up, slik det også vert drøfta i høyringsnotatet.

Med vennleg helsing

Kari Anne Iversen
Kari Anne Iversen
Ass. rådmann

Randi Hilland
Randi Hilland
Valsekretær

Kopi:
Ordførar Nils Marton Aadland